

Årsmelding for Bergen krins av Norges Samemisjon kalenderåret 2024

Årsmøtet 2024

Årsmøtet var på Fjelly, leirstaden til Midhordland Indremisjon i Øygarden kommune 06.04.24. Dagen etter årsmøtet, søndag 07.04.24, var det gudstenesteleg møte kl.11.00. Lys over Land hadde årsmøte samstundes, på same staden, og forkynninga var felles for dei to organisasjonane..

Det nye styret som vart valt på årsmøtet, er samansett slik:
Inge Augestad, Jesper Hegna Johnsen, Jostein Kringlebotten og Knut O. Dale.
Vilhelm Gravdal gjekk ut or styret og i hans stad kom Knut O. Dale inn som ny styremedlem.
BUR – barne- og ungdomsrådet har ein medlem i krinsstyret.
Kringlebotten og Dale vart valde for to år. Hegna Johnsen og Augestad stod ikkje på val.

På styremøtet 24.04.24 konstituerte styret seg med Inge Augestad som formann, Jesper Hegna Johnsen som nestformann og Knut O. Dale som skrivar.

Årsmøtet gav Jesper Hegna Johnsen og Arvid Nilsen fullmakt til å senda eit brev til landsstyret i Norges Samemisjon der dei bad om midlar til å ha eit menneske tilsett i krinsen. Elles drøfta årsmøtet rekneskapsrutinar i krinsen og i Norges Samemisjon.

Arbeid i krinsensstyret i 2024

Styret har hatt sju møte i kalenderåret og handsama 66 saker. På fire av styremøta møttest styremedlemene reint fysisk medan dei tre siste styremøta var digitale.

På møta har medlemar av BUR – barne- og ungdomsrådet og husastyret for Fagertun delteke.

Inge Augestad har ordna med samemisjonsmøte på bedehus i krinsen.

Fagertun

Fagertunstemna var søndag 9.juni.
Elles har Barne- og ungdomsrådet arrangert to leiarar.
Utloddeinga på Fagertunstemna gav eit overskot på kring 70 000 kr.

Økonomien i krinsen

På kontoen til Fagertun kom det i 2024 inn 233 068,89 kr. Ut av den same kontoen gjekk det 227 789,19 kr.

Overføringar elles til krinsen går via kontoen til Norges Samemisjon.

Ulike møte og tilskipingar:

06.01.24: Torbjørn BJORVATN Nyttårsfest i Tørvikbygd bedehus.
03.04.24: Inger Anna og Bjarne Gustad
04.04.24: Inger Anna og Bjarne Gustad Foer bedehus i Fusa
05.04.24: Inger Anna og Bjarne Gustad
06.-07.04.24: Årsmøtet i Bergen krins.
Inger Anna og Bjarne Gustad talte saman med Eivind Flå frå Lys over Land

22.-24.11.24: Tom Dervola Oseberg Adventsleir på Fagertun
25.11.24: Tom Dervola Oseberg Vaksdal bedehus
26.11.24: Tom Dervola Oseberg Hafslo bedehus
27.11.24: Tom Dervola Oseberg Hafslo bedehus
28.11.24: Tom Dervola Oseberg Luster bedehus
29.11.24: Tom Dervola Oseberg Fortun bedehus
03.12.24: Inger Anna og Bjarne Gustad Nain – Voss
04.12.24: Inger Anna og Bjarne Gustad Steinsdalen bedehus – Norheimsund
05.12.24: Inger Anna og Bjarne Gustad Tørvikbygd bedehus
06.-08.12.24 Inger Anna og Bjarne Gustad Innvik Misjonshotell

Krinshelsing

To nummer av bladet vart sendt ut i 2024, høvesvis i september og desember.

I blada vart det m.a. informert om arbeidet med å gjera det gamle skulehuset attmed Fagertun til ein tenleg stad å vera for born og ungdom på leir.

Det er Rolf-Atle Rolfsnes som har teke seg av utsendinga av desse blada. Han har og oppdatert mottakarlista. Det er i dag kring 300 samemisjonsvenner i Hordaland og Sogn og Fjordane som får tilsendt Krinhelsing.

I bladet er det trykt ein giro og pengane som kjem inn på giroen, vert sette inn på Fagertun-kontoen.

Samarbeid med BUR – barne- og ungdomsrådet og husastyret for Fagertun

Medlemar av desse styra har vore med på styremøta.

BUR – barne - og ungdomsrådet har skipa til leiarar og medlemar frå BUR og husastyret var drivkrafta attom utloddinga på Fagertunstemna.

Husastyret har hatt som hovudoppgåve å rusta opp det gamle skulehuset attmed Fagertun.

M.a. har det vorte lagt nytt tak på huset.

Svar på brevet om landsstyremidlar til krinsen

Ut på vårparten fekk krinsstyret melding om at det ikkje var midlar til slik støtte. Brevet var underskrive av landsstyreformannen Stein Ingvar Kalviknes og generalsekretør Torbjørn Bjorvatn.

Krinsekreter i Bergen krins

Vidar Nes Mygland var tilsett i Bergen krins fram til 01.04.24.

Nes Mygland vart oppsagd av landsstyret i Norges Samemisjon. Grunnen til oppseiinga var at Norges Samemisjon ikkje hadde råd til å ha Nes Mygland i arbeid.

Deltaking på tilskipingar

Frå krinsstyret deltok Inge Augestad og Knut O. Dale på samlinga i Innvik 06.-08.12.24. Dette var ei fellessamling for Bergen krins og Møre og Romsdal krins.

Medlem i landsstyret i Norges Samemisjon

Inge Augestad er landsstyremedlem.

Etterord

Krinsstyret kan i 2024 gleda seg over leirar på Fagertun. På leiren i slutten av november var det t.d. 33 born og barne- og ungdomsrådet, BUR, greidde å engasjera 11 leiarar på denne leiren. Gledeleg er det og at vøla og opprustinga av det gamle skulehuset har teke til. Mellom anna er det lagt nytt tak på huset slik at taket no er heilt tett. Mange dugnadstimar har det vorte og husastyret har no ein god plan for opprusting av heile huset.

Alt godt arbeid, slik det går fram av denne årsmeldinga, årsmeldinga til BUR og husastyret, får me lov til å sjå på som ei teneste for Herren Jesus Kristus.